

Årsmelding 2022 – Suldal Turlag

Årsmøtet 2022 blei halde i Næringsparken på Garaneset 22.02.2022. Oppmøtet var styret + 3 stk pga. av den pågåande corona-pandemien.

STYRE OG STYREARBEID

Styret har vore samansett slik:

Lars Ove Fjetland – leiar

Kari Havrevoll – kasserar

Hilde Bergjord – sekretær

Jakob Roalkvam – styremedlem

Jan Erik Lyngstad – styremedlem

Torkel Myklebust – styremedlem

Torkel Myklebust, Jan Erik Lyngstad og Lars Ove Fjetland har vore tur komité.

Jakob Roalkvam har vore kontaktperson for styret mot dugnadsgjengen på Sandsa, og leiar for Sandsa-dag komiteen.

Anette Goa Bråtveit har vore kontakten til Barnas Turlag, men det har vore i dvale siste året.

Kontakten vår i STF sin administrasjon var Jone Edland og Jane Byberg.

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 31 saker.

AKTIVITET

Hovedaktiviteten til laget har vore å arrangera turar.

I 2022 vart det gjennomført 8 turar av 9 planlagde turar, pluss turleiarkurs i regi av STF på Jonstølen i juni. Antall deltakare til saman var 94 stk.

Av desse var 35 deltakarar på Sandsa-dagen i juli.

Antall deltakarar på turane for turlaget er litt lågare enn det var før corona-pandemien.

Turlaget hadde og stand på Møgedals-marknaden og 132 stk var innom og deltok i konkurransane vi hadde.

Tur	Dato	Sted	Deltakere
1	20. mar.	Botnanuten	9
2	1-3. apr.	Jonstøl - Krossvatn	7
3	29.apr.	Såta	Avlyst
4	26.mai	Ressfjellet	3
5	10-12.juni	Jonstølen/Kurs	10
6	23.juli	Sandsa-dagen	35
7	14.aug.	Kvilldalsheia	7
8	4.sept.	Stranddalen	3
9	2.okt.	Alberrenuten	5
10	13.nov.	Rødsnuten	15
11	8.okt.	<i>(Møgedals-marknad)</i>	<i>(132)</i>
		Turdeltakere til sammen 2022	94 / (226)

INFORMASJON

Årsmøtet blei annonsert i Suldalsposten saman med turoversikt for kommande år.

Turane har vore annonserte på Facebook og på Stavanger turistforeining (STF) sine nettsider.

Det var annonse i forkant av Sandsa-dagen i Suldalsposten, og det blei hengt opp plakatar rundt om i grendene.